

ULIK BAKGRUNN, MEN SAME DRAUMANE

Ole Petter Lien

Nokre moment til historia om Helge Ingstad og Hjalmar Dale

"Hjalmar Dale kom fra Mackenzie-floden, jeg fra skogene lenger mot syd. Vi traff hverandre i Edmonton."

Dei siterte linjene er dei vidkjende linjene i ei av dei desidert mest leste, lånte og selde prosabøker i norsk historie og litteratur. Helge Ingstad si bok "Pelsjegerliv blant Nord-Canadas indianere" er rett og slett ein klassisk bestselgar. Dette var første boka i et sjeldsynt livsløp og ein omfattande forfattarskap som skulle rokka ved verdshistoriske sanningar. I generasjonar har boka kome i stadig nye opplag og vore den sentrale inspirasjonskjelda for yngre norske eventyrarar i verda sine villmarker. Stein P. Aasheim seier det slik: "Det er ingen bok som har skapt så mange drømmer og vært en slik inspirasjon for norsk friluftsliv som denne boka."

Det er ein pirrande tanke at inngangen på det innhaldsrike livsløpet til den 26 år gamle naturvante juristen vart prega av møtet med den 5 år eldre pelsjegeren og immigranten frå tekilstaden Dale. (Jamfør Rekvig sin artikkel) I kva grad dette ganske tilfeldige møtet i Edmonton sommaren 1926 endra livsløpet til desse to er berre ope for spekulasjon i dag. Men sikkert er det at Helge Ingstad hadde ein stor og varm respekt for sin kontaktperson til urfolkegruppene der og "læremester" i overlevingskunst i den canadiske øydemarka. På denne tida var store områder av Canada uutforska, ikkje minst det veldige The Northwest Territories. Eit par illustrerande opplysningar om avstandane her: Den Store Slavesjøen strekker seg ut meir enn distansen Oslo-Bergen ! Dale og Ingstad brukte til dømes ein heile månad for å kryssa Elgsjøen. Likevel var dei einaste innbyggjarane i området nokre indianarar, "Villreineterne", av chipewyan-stamma, og ein handfull eller to med kvite pelsjegerar. Det var slike jomfruelege område Ingstad og Dale oppsøkte.

Dale og Ingstad må ha koma tett innpå kvarandre i strevet for å overleva i øydemarka. Dei delte truleg den stille, men intense lykkekjensla Ingstad skriv om i "Pelsjegerliv": "Her er min kano, mine garn, min børse og mine hunder. Skogene og vannene står til min rådighet. Jeg sitter i skjorteermene foran teltet og føler meg som en millionær." Tråden er sterkt attende til den pur unge Ingstad som på 13-årsdagen fekk ein sovepose og gjekk opp til Blåmannen ved Bergen for å overnatta. Natta til 31.desember var iskald dette året.

Ingstad omtala Hjalmar Dale som ein hardhaus – Ingstad ville ikkje verta overraska om Hjalmar vart hundre år gamal. Såleis var det typisk for Hjalmar Dale at han

stadig utforska nye strabasiøse veger i øydemarka. Samstundes var Hjalmar "en oppdagelsesreisende i det stille som søkte lenger inn i det ukjente enn andre, uten tanke på hva han tapte i vinning ved det. Hjalmar var en helstøpt personlighet med et lyst sinn" og "en personlighet av de sjeldne", ettertenksom og klok. I eit seinare intervju seiast Ingstad vera full av lovord om Hjalmar Dale: "Jeg tror neppe jeg hadde overlevet det første året om det ikke var for ham. Han delte av sin erfaring, en hedersmann" – og var en god representant for Noreg.

Så var då Ingstad inntil det siste opptekken av at Hjalmar Dale måtte få eit rettmessig ettermæle om livet hans i øydemarka i Canada gjennom 53 år.

Dale og Skyttarpllassen rundt 1900 [kartforklaringar, sjå s. 84-5]

Folketeljinga av 1900 synte at Dale hadde om lag 1400 ibuarar. Heile 700 jobba i fabrikkane. Men etter stenginga av svenskemarknaden i 1897 (Mellomrikslova vart oppheva) kom det tronge tider for tekstil. Byggespekulasjonar i Kristiania utløyste bankkrise og depresjonsåret 1900. 1900-1905 var det stagnasjon og lavkonjunktur i landet. Den økonomiske turbulensen rundt hundreårsskiftet førte Dale Fabrikkar inn i konkursen. Jebsen-familien tapte kontroll og formue og forsvann frå Dale. Etter 1902 mista mange trua på framtida i industrien. Amerika lokka meir. Emigrasjonen frå Bruvik var stor frå 1880-åra. I tida 1901-1910 drog i snitt 5,8 promille av garde, det høgste i perioden 1865-1920. Heile familiar drog frå Dale til USA og Canada.

Mange hadde store barnekull desse åra. Det var tronge tider og låge løner. Medisinalberetningane syner små og dårlege bustadtihøve og eit elendig kosthald (rikeleg med stump, sirup/sukker og kaffi). Sjansen var høg for å pådra seg epidemiske og nifse sjukdommar som difteri (motgift frå 1902 på Dale), skarlagensfeber, tæring/tuberkulose - og polio som ramma Hjalmar Dale. For å isolera smitta personar på den trangbusette staden vart det etter ein difteri-epedemi 1902-3 oppretta eit lasarett (bak Vik-huset i Gatå).

Tida frå unionsoppløysinga 1905 til 1917 var "den nye arbeidsdagen" prega av ein sterkt oppgang også innan tekstil. Bergen Privatbank reorganiserte Dale Fabrikkar frå 1905. Men den store brannen i 1907 gjorde vondt verre for trua på framtida. I 1909 fekk vaksne mannlege arbeidarar 9-12 kroner for 60 timars veke. Det var samstundes pågang av tiggelister frå alle hald. Trass i rask gjenoppbygging og jamn framgang i dei neste åra, emigrerte grupper av ungdom, men også heile familiarar. 1900-1910 gjekk folketalet i Bruvik attende med 185 personar, heilt motsett av utviklinga andre stader. Samstundes emigrerte 400 personar. Hjalmar fylgde berre i deira fotspor.

Eit moderne kamgarnspinneri kom i 1911. Men tilhøva var framleis jamt dårlege i 1912. Eit døme er då fagforeininga tillyste møte med tilreisande føredragshaldar på 1.mai. Sjølv 10 øre inngangsbilletten vart for dyrt. Det enda opp med listebæring og samanskangling til dekning av totalutgiftene på kr 6,50.

Rasjonalisering var kome 'på moten' for å betra lønsemada i fabrikkane. Perioden 1910-14 ga ei viss lønnsstigning og stadige innkjøp av nye maskiner. Men

dette innebar også at færre hender trøngst til arbeidet. Då verka "det lova landet" som eit betre alternativ for unge tiltakslystne. Slik hadde mange, ikkje minst tekstilarbeidarar, tenkt sidan 1880-åra. Difor vart det etter kvart mykje slekt i USA som sende pengar til billetten og hjelpte til rettes i det nye landet.

Hjalmar Dale hadde trødd sine barne- og ungdomssko på Skyttarpllassen og i nærområda til Dale. Skyttarpllassen rundt 1900 var ei lita grend på om lag 10 hus. Tre-fire av husa var monaleg store, så her budde brukbart med folk. Plassen hadde eige butikk (Myhr oppr. frå Bergen), skreddar (Lars Dalseid, oppr. frå Brekkhus, Evanger) og altså skomakar (Hundhammer). Faren til Hjalmar, Nils Hundhammer, hadde vore ambulerande skomakar på Osterøya. No, truleg i 1895, reiste han hus og skomakarverkstad på Skyttarpllassen (i dag Bergsdalsvegen 5).

Men dei dårlege tidene på Dale ga mange dårlege betalarar, og etter nokre år måtte Nils gå i frå huset. Gjelda til bergenske lærleverandørar hadde vorte for stor. Dei ville ikkje lenger levera råvarene han trøng i skomakarverkstaden. Nils selde forretninga til Alfred Vaksdal og tok i staden til som vaktmann i fabrikken. Barndomsheimen til Hjalmar vart sold til dei nye eigarane i fabrikken. Seinare, i 1915-16, sette Nils opp Hundhammer-huset (i dag Bergsdalsvegen 10 C).

Hjalmar gjekk i Fabrikkskulen (1894) innunder Holhovden (i dag Skulen 2). Han tok sikkert nok del i indianarkrigane på Kvamstone mellom ungane frå Gatå og Skyttarplassen, hhv. "arabiakokka" og "sibirikokka". "Krigane" var til tider ganske valdelege. Hjalmar hadde direkte tilgang til langstrakte naturområde. Nokre hundre meter frå Hundhammer-huset ferdast viltet nokså uforstyrra opp mot Dystingen og vidare innover i Bergsdalen. Ingstad skriv at Dale i Canada hadde bjørnejakt som hobby og den største gleda. Rundt 1910 var det enno bjørn å finna i fjella rundt Dale. Så seint som i 1923 slo bjørnen 6 sauер på Lienstølen ved Hamlagrø.

Rundt 1900 og seinare var den nasjonale begeistringa stor. Samtida dyrka heltar som Fridtjof Nansen og Roald Amundsen. Polarheltane figurerte mange plasser, til dømes i reklamen og på dei populære postkorta som hadde si glanstid desse åra. Desse norske heltane og dei storståtte norske naturlandskapa vart også skildra i Nordal Rolfsen sine "Lesebøger for Folkeskolen". Noreg vart sjølve landet for eventyrar og oppdagrarar. Nordmannen – "den uredde oppdagaren i verdas øydemarker" vart ein viktig del av det norske sjølvbiletet. Dei næრte draumane til så ulike personar som borgarsonen Helge Ingstad og skomakarsonen Hjalmar Dale.

Helge Ingstad på Dale

Første gangen Ingstad kom til Dale, truleg i 1932, var det for å halda føredrag i Forsamlingshuset om tida i Canada 1926-30 og samværet med Hjalmar Dale. Ingstad hadde raskt fått eit namn og eit rykte med boka "Pelsjegarliv" (1931). Hjalmar Dale sine gamle foreldre sat på første stolrad. Faren Nils var då 73 år og mora Signy 72. Etter føredraget gjekk Ingstad ned for å samtala med dei.

Same året vart Ingstad konstituert sysselmann i Eirik Raudes land på Aust-Gronland. Nordmenn dreiv ei avgrensa fangst her. Bondepartiregjeringa

proklamerte norsk statsherredømme over deler av området juli 1932. Det gjekk ei bølgje av nasjonalisme over landet, med store stemne, flaggborger og sterke ord om dansk urett mot Noreg – 400 år under Danmark var ikkje lett å gløyma. I 1933 tapte Noreg så det suste i Haag. Med Kieltraktaten frå 1814 og gjeldsoppgjeret i 1819 hadde Noreg ikkje lenger noko krav på Grønland, sa retten.

Hjalmar Dale var glad i heimlandet og heldt kontakt med slekta der. Men berre sjeldan braut han opp og vitja Dale og Noreg. Ein gong var hausten 1932, kan hende ikkje så mange månader etter Ingstad var der. Ein informant kan hugsa Hjalmar var heime hos familien og helste på. Ingstad hadde ikkje møtt Hjalmar sidan 1929. Men hausten 1932 fekk han telegram frå Hjalmar. Hjalmar skriv at han gler seg til å koma attende til "den vidunderlige Mackenzieflod....og de ville Rocky Mountains egger, hvor ukjente veier fører alle steds hen."

Helge Ingstad var attende på Dale i 1954 for å fortelja og syna fargefilm frå Grønland, om landnåmet i vikingtida, inuitane og den fantastiske naturen. Lokalavisa Bruvik lovar mykje ved å sitere storavisene. Foredraget er både interessant og en "skjønnhetssopplevelse": "Han river tilhørerne med slik at de glemmer både tid og sted." Samme dagen oppsøkte Helge Ingstad Hjalmar sin søster Helga Bergstad i Bergstad-huset (Hundhammerhuset frå 1915). Ingstad hadde også seinare kontakt med slektingane på Dale. På førespurnad hjelpte Ingstad til i samband med buet etter Hjalmar. (Knfr. Rekvig sin artikkel)

Kjelder hugser det etterlot eit underleg inntrykk at ein Dalegut hadde betydd så mykje for denne namngjetne mannen. Astrid Fosse kan hugsa at foreldra (naboar i Bergsdalsvegen) og andre vaksne var opptekne av Hjalmar sine bragder.

Frå forvirring til varig ettermæle

I ettertida har minna om Hjalmar Dale vorte noko diffuse, og dels forvirra av samanblandinga med Hjalmar August Dale frå Sunnfjord (knfr. Rekvig). Skal me tru Bergens Tidende gjorde Helge Ingstad seg sjølv skuldig i å feilpassere Hjalmar sin fødestad i Sunnfjord i Sogn (BT 20.august 1999). Andre feil førekjem også om "The grizzled little norwegian" (den vesle gråhåra nordmannen). På minneplata frå omdøypinga av Mount Hamar 21.juni 1970 kan ein lesa at Hjalmar er fødd i 1896; det rette er 1894. I Vaksdal Bygdebok står dødsåret 1968. Det stemmer heller ikkje.

Ingstad har sitert ein oldtimer som illustrerer denne øydemarka si magiske tiltrekning: "He who ever enters the Northern lands, will leave his bones there..." Og det vart også Hjalmar Nelson Hundhamar (Dale) si heilt uvanlege livsskjebne. Det vert framover ei utfordring lokalt å gjera ære på det Hjalmar Dale stod for og utførte. Jamfør Helge Ingstad si uttale i 1954 til lokalavisa Bruvik om Hjalmar: "Han har et godt ry der borte og dere her hjemme kan være meget stolte av ham."

Særskilde referansar: Bruvik 19.11 og 23.12.1954 (julenr.), 29.1.1971. Bergens Tidende 20.8.99, 24.12.99 og 30.5.2001. Stein P Aasheim (2000): Et eventyrlig forbilde. Fjell og Vidde nr. 1:14-18.
Informantar: Helga Bergstad, Astrid Fosse, Einar Langhelle, Arnold Prestegaard, John Sellevold, Liv Stokke Sellevold.